



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Tilbakemelding etter kommunemøte med Austrheim kommune 24.04.2025.

Vi viser til hyggeleg og godt møte med Austrheim kommune 24.04.25. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune, for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvaltning
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med dykk har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Austrheim var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.



Ordførar Morten Sognnes ynskta velkommen og innleia dagen med informasjon om kommunen som samfunn og arbeidsgjevar, om utvikling og framtid, og om enkeltsaker som det kan vere ulike oppfatningar om spesielt knytt til strandsonepolitikk og plan/beredskap.

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete leia dagen vidare.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte kort om forventningsgapet (stat-kommune-innbyggjarar), økonomiske rammevilkår, og bustadutvikling. Han orienterte også om ulike interkommunale samarbeid som kommunen er ein del av.

Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Tenesteområda for skule, barnehage og inkludering, vart presenterte av kommunalsjef Trine M Jansen. Ho takka for at dei får god hjelp når dei henvender seg til Statsforvaltaren, og at dei har hatt god nytte av dette spesielt i forbindelse med innføring av nytt lovverk.

Ho meiner sektoren har eit inkluderande læringsmiljø, at det blir gjeve tidleg hjelp til barn etter behov, og at dei tilsette har høg kompetanse. Mange av lærarane har teke vidareutdanning. På grunn av ulike ordningar er det færre som tek vidareutdanning i barnehagane. Barn og unge er framtida, og er eit prioritert område i Austrheim.

Interkommunalt samarbeid innanfor barnevern er bra, men den økonomisk delen av barnevernet er vanskelig. Flyktingetenesta er godt integrert i alle einingar, og mange av flyktingane kjem i jobb.

Statsforvaltaren v/Anne Hjermann opplever at det er eit godt samarbeid med kommunen. Det er ingen «funn» i tilsyn, og kommunen er godt førebudd. Sektoren har eit omfattande regelverk, og det er viktig med godt samarbeid med kommunalsjef.

Vi legg merke til det gode arbeidet kommunen gjer på integreringsområdet.

Drøfting av saker og rettleiing/diskusjon knytt til enkeltindivid er ein viktig faktor i dette.

Tenesteområde for helse og omsorg, sosial og barnevern

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om dette området, og peikte på viktigheita av ein god barndom og å ta vare på ungdommane. Også i Austrheim er det ein aukande tendens og fleire unge som mottok sosialhjelp.

Kommunen har sjukeheim med eige kjøken og vaskeri, og dagtilbod til eldre og demente.

Dei er ein del av Nordhordland legevakt, og treng også her, å rekruttere sjukepleiarar.

Dei opplever at det er rask utskriving av pasientar frå sjukehusa, noko som krev ulik kompetanse.

Dei må seie nei i enkelt-tilfelle.

Samarbeid og kloke val for gode og framtidsretta helse og omsorgstenester er avgjerande. Ein må ha fleksibilitet, og sjå tenestene på tvers mellom sjukeheim og heimetenester. At eldre får ha gode liv og kjenne på meistring er målet, for eksempel å komme seg ut i båten når ein blir 80 år. Det er for lite alternative bustader i kommunen, og omsorgsbustader manglar. Det må hentast ut meir gevinstar i bruken av gode teknologiske tenester. Ein jobbar og med å styrke rehabiliterings-tenestene.

I samarbeid med Gulen og Masfjorden har kommunen eit prosjekt der dei hentar sjukepleiarar frå



Spania som kjem til kommunen for å jobbe, og tilbyr dei bustad og fast turnus. Dei er merksame på språkkrava.

Dei har eit samarbeid med Fedje når det gjeld helsestasjon, og har eit godt samarbeid med helsetenestehuset i Knarvik, der miljøretta helsevern også har fokus.

Fylkeslege Kristin Cotta Schønberg meiner kommunen jobbar godt med kvalitet og har god kompetanse. Fokus på helsefremjande og gode tiltak i dag gir resultat i framtida. Det er bra at smitteverntanken er med i planlegginga ved Nordliheimen, og at rehabilitering er med i den vidare planlegginga.

Det kan vere bra å tenke på å få til eit fagleg fellesskap blant legane i rekrutteringa, slik de får til på andre område.

Statsforvaltaren høyrer ikkje så mykje frå kommunen, så ta gjerne kontakt med oss.

Vi har ein veldig auke i rettigheitsklager, men få frå Austrheim. De treff derfor på satsingane dykkar.

Kommunen utarbeida ei folkehelseoversikt i 2024, der framtidsbildet er godt beskrive.

Kommunen jobbar tverrfagleg, og tek dette med vidare i arbeidet med samfunnsplanen. Korleis tek ein med medvirkning frå innbyggjarane i den vidare planarbeidet?

Vi tipsar om at kommunen kan følgje med på nettsidene våre og søknad på diverse tilskot hjå/via Statsforvaltaren.

Styring og forvaltning i kommunen.

Dialogtema var kommuneøkonomi, eit endra utgiftsbehov og økonomisk styring og prioriteringar framover.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes la vekt på nøysomheit i sin presentasjon, og at kommunen må tenke godt igjennom investeringar og driftsnivå i åra som kjem. Driftsnivået har vore for høgt i f t inntektene siste åra, noko som fører til underskot på drifta og eit svekka disposisjonsfond.

Demografiendringane gjer at tal eldre vil auke og det kjem ein nedgang i tal barn i grunnskulen, dei nærmaste åra. Dette vil og utfordre kommunen både økonomisk og med tanke på struktur.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena.

Dialogtema her var miljø og klima – naturmangfald, arealbruk, avfall, vatn og avløp, og kommunal planlegging.

Plansjef Asbjørn Nagell Toft orienterte om kommunens arbeid med m a arealstrategi i samfunnsdelen, og korleis jobbe med vedlikehald av VA-anlegg for å unngå utslepp i marine område. Også om korleis kommunen kan gjere tilpasningar som følgje av klimaendringane m t p havnivåstigning. Det er og fleire naturresevart, og godt tilrettelagde friområde i kommunen.

Aslaug Aalen svara ut og bekreftar at kommunen har eit oppdatert planverk, og at det er bra naturmangfaldsplan er på plass. Det gjenstår å prioritere tiltaka i planen og jobbe vidare med enkelttiltak. Vern av Purkebolvatnet er ein del av Statsforvaltaren sitt oppdrag med supplerande vern. Sjøområda utgjer ein stor del av kommunen sitt areal, og betre kartlegging av naturmangfald i sjø kan vere ei god prioritering framover.



Kommunen har ein forholdsvis ny arealdel til kommuneplan (2019), noko som er bra. Det kan likevel vere behov for å oppdatere planen då det er utarbeidd ny kunnskap, er kome nye føringar, og også ut frå eit behov for planvask. Synnøve Stalheim seier at Statsforvaltaren gjerne bidreg innanfor dei rammene vi har, og at kommune berre må ta kontakt.

Når det gjeld landbruk og arealforvaltning sa Christian Rekkedal at kommunen er flinke med jordvernet. Kommunen har ikkje særleg intensiv jordbruksdrift, men for nokre bruk kan det mangle spreieareal til husdyrgjødsel. Kommunen har også lagt til rette for forsvarleg handtering av overskotsmassar, men det er svært viktig at overskotsmassar som vert brukt i landbruket er reine og naturlege og utan innblanding av bygningsavfall og andre ureina massar.

Til slutt i møtet vart det ein diskusjon om god folkehelse, og viktigheita for innbyggjarane å få komme seg ut i båt sjølv om ein blir eldre. Kommunen har ei veldig lang strandsone, og dei treng forståelse for dette frå Statsforvaltaren.

Per Lerøy tok opp at interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland vart godkjent i 2023. No byggjer dei ut etter denne planen. Dei ønskjer no å fjerne to oppdrettsanlegg, og opprette eit nytt anlegg på djupare vatn. Dette vil gi dei ein miljømessig gevinst. Aslaug Aalen svara ut at det er søkt om etablering av akvakulturanlegg på ein lokalitet på Senoksen. Statsforvaltaren har sendt eit brev der vi ber om fleire vurderingar i samsvar føresegnene til den interkommunale planen for sjøområda i Nordhordland.

Elles vert det peika på at dei ønskjer å bruke noko myrareal til utvikling av kommunen, både til nærings- og til landbruksareal. Heile kommunen består av myrareal, og tidlegare vart myr brukt til brensel. Dei peikar på at det kun er bygd ned ca. 15 % av arealet i alle dei år det har vore busetjing i kommunen.

Kommunalsjef for samfunn, Bjarte Rosenlund, snakka til slutt litt om plan og næringsutvikling og ungdomsarbeidet i kommunen.

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete oppsummerte med at kommunen gir eit godt inntrykk, langsiktig tenking på barn og unge og folkehelse, og eit godt tverrsektorielt frivillig samarbeid. Arbeid med klimatilpassing er viktig og må prioriterast, og Statsforvaltaren etablerer eit prosjekt på dette i samarbeid med Fylkeskommunen, KS og Vestlandsforskning.

Med helsing

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

